

# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*



*Gullkonfirmantar samla i Kviteseid*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITSEID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteidgata 13, 3850 Kviteid  
www.kviteid.sokn.no



**Kyrkjevevjerje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
sokneprest.kviteid@  
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
kyrkjetenar@  
kyrkjetrappa.no



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
organist@  
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar (vikar)**  
Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærer og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
tru@kyrkjetrappa.no



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
eilever@online.no

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Gullkonfirmantar frå soknet,  
foto: Øyvind A. Jørgensen  
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

## ANDAKT

### Ei salme å syngje

Har du ein salme du kan syngje? Før i tida starta og slutta skuledagen med salmesong. Mange kjenner difor salmar som «Syng i stille morgonstunder» og «Fager kveldsol smiler». Nokon øvde på salmevers som konfirmantar. «Kjærlichkeit fra Gud» og «Herre Gud ditt dyre navn og ære» er blant dei salmane mange eldre hugsar.

Ei salme som ein har pugga sit der gjerne livet ut. Den kan ein ta fram og syngje eller be når ein finn det for godt. Det kan vere både i dusjen og i bilen. Nokon syng når dei er glade, andre når dei er redde. Så om du ikkje har ei salme som er din, vil eg oppmuntre deg til å leite fram ei salme som set ord på noko som du kjenner deg att i. Den nyaste salmeboka har heile 975 salmar. Nokon synest det er vel mange. Her er salmar frå mange tider, og til bruk i dei ulike tidene i kyrkjeåret. Min favorittsalme er ei salme som eg synest det passar å syngje kvar dag heile året.

#### **Det er nummer 482 i Norsk salmebok 2013:**

*1 Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
ljuset som strålar ved dag og ved natt!*

*2 Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!*

*3 Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

*4 Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst.*

*5 Konge i æva, å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der.  
Amen.*

Salmeteksten er omsett frå engelsk til norsk av Arve Brunvoll i 1978. Både tekst og melodi har sitt opphav frå Irland på 700-talet. Når eg syng denne, kjenner eg meg takksam for den kristne arven som dei har gjeve vidare til oss. Og eg vender meg til den same Gud som dei bad til i glad forventning.

Norsk salmebok (2013) er å få kjøpt i bokhandelen og er ei fin gåve å gje bort. Du kan òg øve på ukjende salmar med å lytte til «salmeboka minutt for minutt»: <https://tv.nrk.no/serie/salmeboka-minutt-for-minutt>

*Av sokneprest Møyfrid Lunde*

# Åsa Wendel i Kviteseid

**Oppvekst på Notodden, lærar på Kvitsund, bibelomsetjar i Nepal og på Filippinane, aktiv i kyrkja sitt diakoniarbeid**



Åsa Wendel (Foto: Olav Mosdøl)

*Me som har kjent Åsa Wendel i over 50 år veit at ho er ein god nabo, ein trygg ven og eit interessant menneske med stor kunnskap, erfaring og diakonalt sinnelag. Ho har opplevd at fortid, samtid og framtid er forskjellige. Fortida kan ein ikkje forandre; men ein kan ha minne om arbeidsfelleskap, lykkestunder og stille sorger. Samtida kan vere open og aktuell, viktig og*

*meningsfull med ulike oppgåver. Framtida er spesiell, for der har me ikkje vore enno. Difor er det med forventning Kyrkjebladet intervjuar Åsa Wendel som fyller år på joleftan.*

Åsa fortel at ho vart fødd i Trondheim i 1945. Familien Øvensen slo seg ned på Notodden. Frå 6-årsalderen fekk ho skulegang og oppvekst i ein syskenflokk på fire jenter. Mora og faren var aktive i kyrkja og på Tinnemoen bedehus med sundagsskule og misjonsforeiningar.

- Me systrene var KFUK-speidarar, og eg var aktiv i skulelaget i realskule- og gymnastida. Etterpå tok eg lærarskulen på Notodden frå 1965 til 67. Der var Jan Fjelde inspektør. Som tidlegare Kvitsund-lærar var han ivrig i å rekruttere unge lærarar til stillingar på Kvitsund. Eg fekk jobb der i 1967 og drog vidare til studiar på Universitetet i Oslo og på MF i to år med faga engelsk og kristendom. Eg kom tilbake til Kvitsund ungdomsskule som lærar og rådgjevar i fire år fram til 1974, fortel Åsa .

*- Men så kom du i kontakt med Wycliffe bibelomsetjarar?*

- I 1972 kom det ein ny vikarlærar til Kvitsund. Han heitte Dag Wendel og var frå Halden. Han var klar til å reise ut for Wycliffe bibelomsetjarar, men ville først betale ned studielån. Me blei godt



Dag Wendel med to sherpa-vener i Nepal. (Foto: Privat)

kjende, etter kvart kjærastar og gifta oss i 1973. Wycliffe har som visjon at alle, uansett etnisitet og språk bør ha rett til Bibelen på sitt eige morsmål. Etter at eg hadde tatt sommarkurs i anvendt lingvistikk blei eg godkjent som Wycliffemisjonær. Tanken på å bli misjonær var ikkje framand for meg, men eg veit ikkje om eg hadde våga meg ut dersom eg ikkje hadde hatt Dag å reise saman med. I september 1974 opplevde me at sonen vår, Hans, blei født og døydde i krybbedød etter berre 3,5 månader. Dette sette preg på livet vidare.

*- Kva førde dykk til Det fjerne østen?*

- Det var organisasjonen Wycliffe som plasserte oss i Nepal. Frå mars 1975 til august 76 studerte me språket nepali og gjekk på kurs for å lære meir om kultur og språkarbeid. Men sommaren 76 nekta styresmaktene å gje heile organisasjonen fornya visum. Alle måtte dra frå landet, og med sorg drog me frå Nepal til Filippinane der

Wycliffe hadde mykje arbeid. Der var det lett å få visum, og etter eit halvt års kurs i nasjonalspråket, kom me i gang med språk- og omsetjingsarbeid på øya Mindanao sør i landet.

*- Etter fleire år gjekk vegen attende til Nepal?*

Åsa kjem her inn på ein krevjande periode i livet.

- I 1984 fekk me høve til å reise tilbake til Nepal. Me vart timelærarar på den norske skulen i Kathmandu og gjekk i gang med å lære sherpa-språket med tanke på bibelomsetjing. Me hadde no fått tre døtrer, Tone, Liv og Hege, som etter kvart gjekk på den norske skulen der. Me budde i Kathmandu, men kunne ta feltturar opp i sherpa-området rett sør for Mount Everest. Bibelarbeidet vårt blei avbrote, for Dag hadde eit stygt fall og fekk ein livstrugande skade. Me måtte heim til Noreg med lang rehabilitering på Sunnaas sjukehus på Nesodden. Han var lam frå livet og ned og sat i rullestol. Likevel drog me tilbake og fortsette skule- og sherpa-arbeidet. Men etter nokre månader vart Dag sjuk. Me måtte reise til Noreg igjen; han fekk kreftdiagnose og døydde 14. april 1989.

*- Kva skjedde etter ei slik skjellsettjande oppleving?*

Her sit Åsa stille og reflekterer, tenkjer seg om før ho fortel vidare:

- Jentene og eg busette oss i Kviteseid. Her hadde me familie og vener. I tillegg var det høve til lærarjobb, og me fekk leige hus på Kvitsund. Eg vart lærar på Kviteseid skule i eitt år; så fekk eg stilling som lærar og etter kvart bibliotekar på



Huset som familien Wendel budde i det meste av tida på Filippinane. (Foto: Privat)

Kvitsund gymnas. Når ein tenkjer tilbake på den tida, var det travelt å fylgje opp tre aktive døtrer ved sida av lærararbeidet. Dessutan høyrer det med husfar-arbeid til opplegget ved ein internatskule. Det må også seiast at det var fint å vere med i staben på ein kristen skule der det blir gjeve rom for Guds ord i undervisning, andaktar og bibelgrupper.

Etter litt samtale held Åsa fram:

- Det er naturleg å nemne her, at etter Nepal-åra følte eg meg ikkje ferdig med Wycliffe bibelomsetjarar. Difor har eg i alle år fram til 2020 vore med i ei frivillig forbønsteneste. Eg sytte for fast månadskontakt med dei norske Wycliffe-utsendingane og samla informasjon til eit forbønnsbrev. Eg hugsar kva det betydde for oss at me hadde trufaste personar som bad for oss alle åra me var utanlands – og etter det også. Det skaper tryggleik å vite at nokon har 'bore oss i bøn' – og det er fint å sjølv vere med i det arbeidet.

- *Du slutta som lærar på Kvitsund gymnas i 2015. Kva har fanga interessa di i pensjoniståra?*

- Etter at eg trappa ned på Kvitsund har eg vore med i diakoniutvalet i kyrkja. Det fører med seg besøksteneste, lage mat til konfirmantar, legge til rette føremiddagstreff og andre arrangement. Eg synest dette er eit fint aktivitetsområde å vere med på. I våre dagar blir det sagt mykje om at samfunnet vårt er kaldt, og at mange er einsame. Då er det godt å vere med i arbeid som prøver å formidle Jesu omsorg, varme og nærleik.

- Til slutt nemner eg at kyrkjelyden har to misjonsprosjekt, og dei har eg litt å gjere med. Det er ekstra fint fordi bae prosjekta står mitt hjarta nær. Det eine er arbeidet på misjonssjukehuset i Okhaldhunga i Nepal; der har Liv, dotter mi, arbeidet sitt. Det andre er familien Hectors arbeid med bibelomsetjing og leseopplæring i Etiopia. Dei er utsendingar for NLM og Wycliffe bibelomsetjarar. Dette er min organisasjon, seier Åsa Wendel.

Tekst: Olav Mosdøl

## Tilbod om trusopplæring i haust

### UTDELING AV BØKER TIL 4-ÅRINGANE

På familiegudstenesta i Kviteseid kyrkje 5. september fekk dei som fyller 4 år i år utdelt denne boka. Før gudstenesta var dei med på ein undretur der dei gjorde seg kjent i kyrkja, song og pynta kyrkja.

Dei som var invitert, men ikkje kunne komme, vil få boka heim. Dette er ei gåve vi ynskjer å gje til alle 4-åringar.



### ADVENTSKALENDER TIL 5-ÅRINGAR

I år samlar vi 5-åringane til ei samling i samband med soknerådsbasaren 27. november. Der vil dei få utdelt kalenderen som dei kan bruke kvar dag i desember fram til joleftan.



### LYSVAKEN

27. -28. november ynskjer vi 5. og 6. klassingar velkommen til overnatting for å feire kyrkja sitt nyttår, natt til 1. sundag i advent i kyrkja. LysVaken vert arrangert i mange kyrkjer rundt omkring i landet. Hos oss startar vi laurdag ettermiddag med ulike aktivitetar inne og ute, festmåltid og førebuing til gudstenesta på sundagen. Når kvelden kjem, skal vi sove i kyrkja og et frukost saman der før gudstenesta. Invitasjon med meir informasjon kjem i posten til alle døypte i desse årskulla.

Støtt gjerne arbeidet med ei gåve på vipps nr. 3850 eller til bankkonto:

Innbetalt til konto 2660.45.14648	Beløp	Betalersens kontonummer
Betalingsinformasjon		GIRO
Betalt av		Underskrift ved girering
		Betalt til
		Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid
Kroner	Øre	Til konto
	< >	2660.45.14648



*1. rekke frå venstre:* Ruben Alexander Ingebrigtsen, Maren Tveiten, Solfrid Hægeland, Christina Ståland Kåsin, Lea Marie Lyng Larsen, Trym Olsen Jensen og Vebjørn Slettemeås.

*2. rekke frå venstre:* Kari Sandland, Sara Straand, Anna Rannestad, Åshild Hovden Eikland, Nora Bruhaug, Tor Åsmund Hopland Nordskog, Remi Kleiv Haugen og trusopplærar Knut Ove Lofstad

*3. rekke frå venstre:* sokneprest Møyfrid Lunde, Alexander Holte, Adrian Andersen Pedersen, Andrea Elise Engeland Mota, Ole Martin Lie, Hallvard Kvålseth, Jon Halvor Moen Hovden og Håkon Sinnes.

# Friluftsmesse ved Heivatn



Tor Ivar Berge

Sundag 22. august var det messe i samarbeid med Kviteseid Jeger og Fiskeforening. Vêret var fint, og 54 personar møtte fram. Fisk er eit tema i Bibelen også. Det fletta Møyfrid inn i preika. Etter messa var det matøkt, gode røur og fiskekonkurransse, og leiaren i Kviteseid JFF, Tor Ivar Berge, fortalte om laget og arbeidet deira.

Frå laget vart stifta i 1981, kalka dei Heivatn i mange år med snoscooter. Seinare har fylkeskommunen overteke ansvaret. Dei kalkar med helikopter etter behov. Kviteseid JFF leiger også to vatn i Brakandalen. Det eine er surt, men nyttelaust å kalke fordi det er for sterk gjennomstrøyming. Det andre er veldig fint. Der er det kalk i berggrunnen. Det kan ein også sjå på den frodige vegetasjonen omkring. I Vigdesjø driv dei tynningsfiske for å få fram meir stor fisk.

Kviteseid JFF er aktivt lag med 200 medlemmer, og dei har lokale i Bjørnstadbui i Kviteseidbyen. Dei arrangerer også leirdueskjoting i Strauman, og om vinteren er det fleire kurs om jakt og fiske.

*Vi spør Berge om kva han synest om å samarbeide med kyrkja om dette arrangementet.*

«Det er kjempebra. Veldig triveleg. Dette kan vi gjerne gjere fleire gonger.»



Det vart stor fisk på Tor Erling Moen og gutane Magnus (tv.) og Kjetil (t.h.).

# Kunstnaren på besøk

Marit Andersen skar ut krusifikset til Kilen kapell i 1958. Ho var då 15 år og budde i Brunkeberg. No bur ho i Åmot, og i sommar tok ho turen til gudsteneste i Kilen. Vi spurte om det var lenge sidan sist ho var her. «Jau, veldig lenge», fortel ho. «Det var ved eit jubileum, men ikkje det fyrste. Då var eg ung og torde ikkje kome.»

*Korleis var det å sjå staden att no?*  
«Mykje er forandra. Bygda er meir attgrodd, og ho har fått eit preg av fråflytting. Kapellet står der litt einsamt no, synest eg.»

*Og korleis var det for deg å kome inn i kapellet og vere der?*

«Det var triveleg og gjevande. Då eg stod i døra og såg krusifikset og kyrkjeromet, tykte eg det var vakkert. Kapellet er også blitt finare etter at det blei måla for nokre år sidan. Den nye fargen på altarpartiet passar veldig godt til trefargen på krusifikset.»

*Kva tenkjer du no når du tenkjer på at du skar ut dette krusifikset i så ung alder?*

«Det var godt å sjå det att, og det er ikkje noko eg ville ha gjort annleis. Eg vil ikkje skryte, men når eg var så ung, så var det godt gjort.»



## Misjonsprosjekta - kort oppdatering

Familien Wittersø Hector er godkjend for innreise i Etiopia, og fekk reise dit midt i september. I Etiopia er det ein spent situasjon. Det har også vore ein stor flaum som har teke ni menneskeliv og gjort store skader på det teologiske seminaret i Addis Abeba.

P.g.a. lockdown måtte Liv Wendel vere i Kathmandu i ti veker. Ho studerte då meir

nepali, særleg det helserelevante vokalaret. I monsun-tida med flaum og ras var reisa til Okhaldhunga spennande, men alt gjekk bra. På sjukehuset skal Liv f.o.fr. arbeide med sjukepleiar- og jordmorfagleg opplæring. Covid-situasjonen er betre enn i mai, men er utfordrande, for berre 3% av folket er vaksinert.

## Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle!

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

## Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



## Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lasarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 77 00.



## Dugnad på gapahuken ved Kviteseid kyrkje

Gapahuken har teke form no frå starten av hausten. Her er nokre av dugnadsarbeidarane som har vært i sving. Håkon Heggveit leier arbeidet. Når gapahuken står klar, vert det snorklipping og feiring for små og store.



Foto: Møyfrid Lunde

## Allehelgenskonsert 7. november

*Jan Haugen inviterer og skriv:*  
Søndag 7. november blir det på nytt Allehelgenskonsert i Kviteseid kyrkje. Denne gongen blir konserten i stor grad prega av Elvis sine songar.

*Hovudvokalist* er Vidar Magnus-hommen som med si djupe og gode stemme vil presentere eit solid knippe av Elvis sine songar. Det vil i tillegg bli repertoar frå mellom anna Bob Dylan, Sting, Norah Jones, Johnny Cash og Lainey Wilson mm.

*Andre aktørar:* Olav Ajer, John Trygve Bakke og Erling Eriksen frå Lunde. I tillegg Kristin Kleiv og Jan Haugen. Diakon Eilev Erikstein bidreg med ein liten appell i løpet av kvelden.

## Adventkonsert i Kviteseid kyrkje

Sundag 12. desember kl. 18 vert det igjen tradisjonell og mangfaldig adventkonsert i Kviteseid kyrkje med lokale aktørar. Planen føreset sjølvsagt eit nokolunde samarbeids-viljug koronavirus.

Alle bygda sine kor og hornmusikken stiller opp for å gje oss song, musikk, ord og tonar som forsmak og førebuing på jolehøgtida. I tillegg til å lytte til fin musikk syng me advents- og jolesongar saman, og Møyfrid held andakt. *Velkommen til ei fin og stemningsfull adventsstund!*

## Livets gang

### Døypte

*Brunkeberg:*  
Gjermund Mostøyl-Bjåland  
Åsne Karoline Aasmundtveit

### Kviteseid:

Ruben Alexander Ingebrigtsen  
Torje Hille Lundevall

### Vrådal:

Håkon Lønnegraff  
Wiel Svalestuen-Lønnegraff  
Julian Åmlid Hauge

### Vigde

*Kviteseid:*  
Oddny Ueland og  
William Tobias Krogstad  
Aina Synnøve Hjertås og  
Richardt Major

### Døde

*Brunkeberg:*  
Jon Fisketjønn  
Åsmund Kleiv

### Kviteseid:

Anna Berge  
Edith Gotuholt

### Vrådal:

Kjetil Johnsen  
Else Ingebjørg Ibrenk

## Dåp – konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde på til dåp, konfirmasjon og vigsel: [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)

# OPPSLAGSTAVLA

## Ønsker du skyss til gudstjeneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31  
Eller Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364

## Misjonshuset Kviteseid Normisjon Oktober

17. kl. 11.00 – 0-100  
19. kl. 19.00 – Fellesskapskveld  
24. kl. 11.00 – 0-100  
26. kl. 19.00 – Tysdagsmøte  
31. kl. 11.00 – 0-100

## November

2. kl. 19.00 - Tysdagsmøte  
7. kl. 17.00 – 0-100  
9. kl. 19.00 – Tysdagsmøte  
14. kl. 11.00 – Familiemøte  
16. kl. 19.00 – Tysdagsmøte  
21. kl. 11.00 – Tema: Åpne dører  
23. kl. 19.00 – Tysdagsmøte  
28. kl. 17.00 – Adventsfest  
30. kl. 19.00 – Tysdagsmøte

## Desember

5. kl. 11.00 – 0-100  
7. kl. 19.00 – Tysdagsmøte  
19. kl. 17.00 - Julemøte

## Besøksteneste

Ynskjer du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

## Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

## Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på [kirken.no/minside](http://kirken.no/minside).

Tidlegare gjaldt dette berre for føresette som sjølv var medlem, men no er tilbodet ope for alle føresette.

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)





RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

## Gudstenesteliste: *med atterhald om endringar*

### OKTOBER

#### Sun 17. 21. søndag i treeningstida

– Luk 16,19-31

*Kviteseid kyrkje* kl. 18.00

Felles diakonisundag for Vest-Telemark  
Eilev Erikstein, Møyfrid Lunde, Kristin  
Gunleiksrud Raaum

Koret Amos deltek

Ofr. Diakonaten i Vest-Telemark

#### Sun 24. 22. søndag i treeningstida

– Joh 12,35-36

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00

Familiegudsteneste

Møyfrid Lunde, Barnegospel, konfirmant-  
presentasjon

Ofr. TV-aksjonen

#### Sun 31. Bots og bøneding

– Joh 1,16-17

*Brunkeberg kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

### NOVEMBER

#### Sun 7. Helgemesse

– Matt 5,13-16

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

#### Sun 7. Open kyrkje kl. 16-18:

*Brunkeberg kyrkje*

*Fjågesund kyrkje*

*Kviteseid kyrkje*

*Vrådal kyrkje*

#### Sun 14. 25. søndag i treeningstida

– Matt 14,22-34

*Fjågesund kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Stefanusalliansen

#### Sun 21. Inga gudsteneste

#### Sun 28. 1. søndag i advent

– Matt 21,10-17

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

Familiegudsteneste

Møyfrid Lunde, LysVaken deltek

Ofr. Søndagsskolen, Telemark krets

### DESEMBER

#### Sun 5. 2. søndag i advent

– Joh 16,21-24

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

#### Sun 12. adventskonsert

*Kviteseid kyrkje* kl. 18.00

#### Sun 19. 4. søndag i advent

– Matt 1,18-25

*Kilen kapell* kl. 16.00

Møyfrid Lunde

#### Fre 24. Joleftan

*Fjågesund kyrkje* 12.45

*Vrådal kyrkje* 14.30

*Brunkeberg kyrkje* 15.00

*Kviteseid kyrkje* 16.15